

**Laurdag 29. mars blir det blues i Dønhaugkjedlaren. Det er eks-kvinnheringen TERJE FRIGAARD som tek med seg bandet sitt til Dønhaug for å køyra ein skikkeleg blues-kveld. Terje skulle vera kjend for dei aller fleste musikkinteresserte i Kvinnherad**

. Han er entertainer, vokalist, låtskrivar, munnspejar og bandleiar. Materialet som Terje vil presentera er ei blanding av låtar han sjølv har skrive, og versjonar av låtar frå hovud-inspirasjonskjelder som The Fabulous Thunderbirds, ZZ Top, The Georgia Satellites & Whitesnake m.fl.

Terje er eit fyrverkeri av ein live-entertainer som leverer eit tøft, stilfullt og gnistrande blues & rock show med eit strålende band i ryggen, og me ser verkeleg fram til gjenhøyr med denne artisten i Dønhaugkjedlaren.

Dørene opnar kl 21.30, med konsertstart kl 22.30.  
Bill. kan reserverast på førhand, sal i døra.  
Hugs kontantar, då me ikkje har betalingsterminal.

Tekst: Magne Huglen  
Foto: Privat  
Nett: Ola Matti Mathisen